

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

### **Søknad til Næringsfondet - Molvik gard AS - Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland vert tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.  
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

##### **ND- 069/22 Vedtak:**

Prosjektet Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland vert tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

##### **Bakgrunn:**

Molvik gard AS er eit aksjeselskap. Bransje: 88.999Andre sosialtenester utan botilbod. Registrert 10.01.2022.  
Kjelde: Proff.no.

##### **Saksopplysningar:**

Molvik gard AS er lokalisert på Ostereidet og sel lokalmat og gardsopplevingar. Verksemda vart etablert vinteren 2022 og er aksjeselskapet tilhøyrande Molvik Gard. Molvik gard AS kjøper alle råvarene frå lokale produsentar og vidareforedlar dette før vidaresal.

Verksemda ønskjer å satse på turisme og gardsopplevingar og har mål om å bli ein betydeleg leverandør av gardsopplevingar og lokalmatopplevingar i indre Osterfjord. Produkta vert seld i lokale butikkar og verksemda deltar på marknads dagar i Nordhordland.

Molvik gard AS samarbeider med lokale reiselivsoperatørar, grunnskular, vidaregåande skuler, 4H og andre som vil oppleve gardslivet.

##### **Om prosjektet:**

Molvik Gard AS ønskjer no å utvikle ei aktivitetsløype på garden for å kunne tilby dagens barn og unge områder som er tilrettelagt for lek og læring ute i naturen og søker støtte frå næringsfondet til å utvikle dette produktet.

Det er få gardar i Alver kommune som har profesjonelle tilbod kor skuler og andre grupper kan få komplette lærerike opplevingar ute i naturen.

Molvik vil tilby opplæring i gamle driftsmetoder, omvising i frukthagen og overnatting i hengekøyeskog.

### Prosjektleveranse/Målsetting

Med ei ny aktivitetsløype vil Molvik Gard ha eit komplett aktivitetstilbod til barn og unge i kommunen og med dette skape vekst og utvikling i verksemda.

### Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland</b>	92 500	45 000	20 000

### Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, berekraftig utvikling og auka sysselsetting i kommunen.

### Vurdering:

Alver kommune ser svært positivt på prosjektet Molvik Gard AS gjennomfører for å utvikle eigne produkt og tenester for å skape vidare vekst i verksemda.

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som styrker næringslivet i arbeid med innovasjon og entreprenørskap og stimulerer til ei berekraftig næringsutvikling,

Vedlegg:

### Vedlegg i saken:

01.11.2022	Soknad-2022-0062	1826951
01.11.2022	Prosjekt -Budsjett -Aktivitetsloeype i Nordhordland Biosfaereomraade	1826952
01.11.2022	20220905_143654	1826953
01.11.2022	20220801_141139	1826954
01.11.2022	20220905_143930	1826955